



Sambandet Vest AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6214 - 18/21158

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2018

Avvikling av Sambandet Vest AS

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Sambandet Vest AS

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
070/18	Formannskapet	PS	14.06.2018
052/18	Kommunestyret	PS	21.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/6214

Avvikling av Sambandet Vest AS

Vedlegg :

brev til eiere før generalforsamling Referat fra styremøtenr. 2- 2018 (2) Referat fra eiermøte i Sambandet Vest AS 09.04.2018 Innkalling GF 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune støtter avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør det kr 10.000,-.
3. Politisk representant til styringsgruppa for Lindås kommune er.....
4. Lindås kommune set av kr 10.000 til å dekke kostnader med administrasjon i 2018. Midlane blir dekket av disposisjonsfondet.

Formannskapet - 070/18

FO - behandling:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg (punkt 3):

Politisk representant vert å koma tilbake til i kommunestyremøtet 21.juni.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO - innstilling:

1. Lindås kommune støtter avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018

utgjør det kr 10.000,-.

3. Politisk representant til styringsgruppa for Lindås kommune er.....
4. Lindås kommune set av kr 10.000 til å dekke kostnader med administrasjon i 2018. Midlane blir dekket av disposisjonsfondet.

Kommunestyret - 052/18

KO - behandling:

Framlegg frå valnemnda pkt 3 ordførar med varaordførar som vara.

Innstillinga frå formannskapet med tillegg frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune støtter avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy.
2. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør det kr 10.000,-.
3. Politisk representant til styringsgruppa for Lindås kommune er ordførar med varaordførar som vara.
4. Lindås kommune set av kr 10.000 til å dekke kostnader med administrasjon i 2018. Midlane blir dekket av disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Som eigar av Sambandet Vest AS har Lindås kommune mottatt eit brev frå selskapet, der ein ber kommunen som eigar fatte vedtak om å støtte avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS. Det blir vist til referat frå styremøte 16.03.18 og eigarmøte 16.04.18 som bakgrunn for denne førespurnaden.

Styret og eigarane har kome fram til at det beste for prosjektet Sambandet Vest/Tverrsambandet er å endre organisasjonsform. Det har vore ei utfordring å ha eit aksjeselskap med både offentlege og private eigarar, mellom anna på grunn av styringsstruktur og oppfølging av vedtak. I tillegg har dette vore eit selskap utan inntekter, som må tilførast driftskapital årleg frå eigarane. Det blir derfor anbefalt at aksjeselskapet Sambandet Vest AS avviklast. Det blir valt eit avviklingsstyre på generalforsamling 28.06.18. Vidare er målet å avvikle selskapet i løpet av 2018. Det blir lagt til grunn at driftsmidlane som er opplyst tidlegare og vedtatt i eigarkommunane er tilstrekkeleg til å dekke kostandar med avvikling.

Sjølv om aksjeselskapet blir avvikla skal prosjektet leve vidare. Det blir anbefalt at det blir etablert ei styringsgruppe frå dei samarbeidande kommunane, Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå desse kommunane til styringsgruppa. Meland kommune vil ta på seg ei koordinerande rolle i den vidare prosessen, der neste steg er å utarbeide ein siliingsrapport med utkast til eit planprogram for for ein kommunedelplan. For arbeidet som Meland gjer er det estimert ca kr 20.000 per kommune årleg. For 2018 utgjer dette kr 10.000 for Lindås kommune (6 mnd)

Før generalforsamling 28.06 blir det bedt om at eigarane gjer følgjande vedtak:

1. Lindås kommune støttar avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
2. Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare i ein 10% stilling. Kostnad blir dekket med 1/5 frå kvar av kommunene. For 2018 utgjør det kr 10.000,-.

Vurdering:

Det er lagt til grunn at driftsmidlane som er vedtatt i eigarkommunane er tilstrekkeleg for dekke kostnader med avvikling av selskapet. I sak 20/18 vedtok kommunestyret i Lindås å betale inn kr 91.035 i driftsmidlar for 2018.

Rådmannen støttar dei vurderingar som er gjort rundt utfordringane med å ha eit aksjeselskap som organisasjonsform for eit slikt prosjekt. Rådmannen rår til at Lindås kommune støttar ei avvikling av aksjeselskapet Sambandet AS.